

Oppsummering av 10 turfavorittar i Ål 2017

Postkassene og klyppetengene er tatt ned og namna i bøkene telt opp. Folk er fortsatt begeistra for å gå både nye og gamle turar i heile Ål.

Vandreprogrammet har vore i gang frå midten av mai til etter haustferien (veke 41). Orienteringsgruppa har også i år vore med som arrangør og bidrege med mykje praktisk arbeid for å få postkasser og skilt på plass.

9755 personar har skrive seg inn i bøkene – ein liten oppgang frå i fjor. Me hadde fleire korte turar i år og kanskje er det litt av årsaka til at nokon fleire har gått. Av desse er 221 utanlandske turgåarar. Dei fleste var frå Belgia, fulgt av Tyskland, Nederland og Sverige.

Blant alle dei som har skrive seg inn i dei ti turbøkene har det vorte trekt ut premiar for kvar bok i form av gåvekort frå Bergsjøstølen Fjellstue.

Turen til **Bleste** har vore desidert mest besøkt med 2116 namn i boka. Dette er ny rekord for ein enkeltur! Turen som var nest mest besøkt med 1246 namn i boka var Rosengardshovda, deretter Bergsjøen Rundt med 1061 namn.

Klyppekort

785 kort har vore i omløp i år og det er litt færre enn i fjor.

270 kort er levert inn att der folk har oppfylt kravet med å gå minst 8 av 10 turar. Dette er litt fleire enn i fjor. Dei aller fleste av desse er Ålingar. Ca 360 personar har gått 8 – 10 turar og det er me godt nøgd med.

Blant dei som har levert inn klyppekort med minst 8 klypp er det trekning av premiar sponsa av næringslivet i Ål (G-sport, Norli og Hallingmøbler)

Klyppekort som firmaaktivitet

Ål hytta og Ål kommune har nok ein gong gjort ein imponerende innsats med å få dei ansatte med på tur og i meir aktivitet. Dei har begge kjøpt inn klyppekort til dei ansatte som har hatt ynskje om å være med på vandreprogrammet. Eit helsefremmande og sosialt tiltak.

Fotokonkurransen på Instagram

Ca. 235 bilete har vorte lagt ut med #ål52 / #aal52 i samband med fotokonkurransen me har hatt gåande i sommar. Reglane var at bilete skulle være frå ein av årets 10 turfavorittar og at ein skulle følgje #alturistinfo på Instagram. Blant dei mange flotte bileta har me kåra årets **vinnarbilete frå Maisen Fosse**. Ho får eit gåvekort frå Norli på kr 250,-

Vandreprogrammet «10 turfavorittar» har vore marknadsført på turappen Outtt.com og på heimesida vår.

Ål, 13.11.2017



Vinnarar av dei ulike premiane vil bli lagt ut på heimesida vår og dei blir sjølvstøtt også kontakta av oss.

Me må også få rette ein stor takk til årets hovudsamarbeidspartner Ålhytta og premiesponsorane Bergsjøstølen Fjellstue, Hallingmøbler, G-sport og Norli.

2018

Vandreprogrammet fortsett også i 2018, med 10 turfavorittar, ny brosjyre og attraktive premiar.

Turane for 2018 blir lagt ut på turappen Outtt.com utover våren.

Me oppfordrar alle til å ta bilete og leggje ut på Instagram, og hugs å merk bilete med kva tur det er frå. Ikkje alltid lett for oss å sjå det.

8 turfavorittar på ski

Også i år held me fram med 8 turfavorittar på ski. Og me håper på betre skiføre i år enn i fjor, slik at alle dei 8 turane kan besøkast. Fleire av turområda har no fått gapahuk slik at ein lettare kan ha eit turmål.

Dei 8 turfavorittar på ski vil bli lagt ut i appen Outtt slik at folk kan nytte appen til desse turane også.

Julegåvetips!

Om du ynskjer ein turkamerat eller berre vil at nokon skal få ein fin turopplevelse so kan klyppekortet for vandreturane 2018 kjøpas allereie no! Korta blir selt hjå Ål Turistinformasjon, G-Sport Ål og Norli Ål frå og med 7. desember. Hugs - kun kontantsalg!!!

Med helsing
Ål Utvikling AS og Ål Kommune

Linda Dalene Bjerke
linda@alturistinfo.no
32 08 43 60 /95050826

Hilde Nysæther Frantzen
hnf@aal.kommune.no
32085035/ 90175205